



# DEN NORSKE KYRKJA

## Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd

Kyrkjevegen 6  
6856 SOGNDAL  
Tlf: 57679985

Sogndal 29.08.2012

### VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I LEIKANGER KOMMUNE

Jfr. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) §21, endra 26. august 2011 og der endringane tredde i kraft 01. januar 2012.

Vedteke i Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellestråd 28.08.2012

Vedteke i Bjørgvin Bispedøme 07.11.2012

#### §1 GRAVPLASSTILKNYTING.

Avlidne personar innan kommunen kan gravleggjast på gravplass i kommunen. Gravplasstilknyting har ogso den som har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, eller som har festa gravstad. Andre kan søke om gravlegging i soknet.

#### §2 FREDINGSTID OG FESTETID.

Fredingstid for oskeurner er 20 år.

Fredingstid for kister er 30 år.

Festetida for grav er for 5 år om gongen.

#### §3 FESTE AV GRAV.

Fellestrådet skal ha ein kontaktperson/festar for kvar grav. Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå fellestrådet ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 5 år. Når det har gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særleg samtykke frå kyrkjeleg fellestråd. I god tid før festetida er ute blir festaren varsla. Er festetida ikkje fornya etter 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom samtykke ikkje kan bli innhenta kan kyrkjeleg fellestråd avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

#### §4 GRAV OG GRAVMINNE.

Kyrkjegardsbetjeninga vil syte for planering og tilsåing etter gravlegging.

På gravplassen i Husabø vert gravminne sett opp utanfor gravopninga, og oppføring av gravstein kan skje straks etter gravlegginga. På gravplassen ved Leikanger kyrkje vert gravminne sett opp i eller i kanten av gravopninga, og montering av gravstein må ikkje utførast før minst 6 månader etter gravlegginga.

På ny, festa gravstad vert gravminnet sentrert på gravstaden etter siste gravlegging.

Før gravminne vert sett opp, skal gravminne og fundament godkjennast av kyrkjeleg fellestråd.

Eigaren av gravminnet er til ei kvar tid ansvarleg for at det vert halde i stand og at det er forsvarleg sikra.

Eigaren må syte for at enkeltståande pyntegenstandar på gravsteinen er forsvarleg festa. Dersom skeivt gravminne må rettast opp, vert eigaren varsla av kyrkjegardsbetjeninga.

Gravminnet vil bli lagt ned dersom det ikkje blir retta opp innan ein rimeleg frist.

## **§5 PLANTAR OG PLANTEFELT.**

Plantar, kransar og anna som vert nytta ved gravferd, blir fjerna av kyrkjegardsbetjeninga 3 veker etter gravferda.

Framfor gravminne er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Plantefeltet kan vere opptil 60 cm breitt, men må ikkje vere breiare enn gravminnet. Plantefeltet må ikkje gå lenger fram enn 60 cm, rekna frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet eller som går ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar på steinen – så som liggjande plater festa til gravsteinsfundamentet, blomsterurner eller lykter. Lause dekorgjenstandar skal plasserast slik at dei ikkje er til hinder for vanleg vedlikehald på kyrkjegarden, og skal fjernast av eigaren etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein kant som fluktar med terrenget rundt. Det er ikkje høve til å nytte innramming av den typen der fundament og kant omkring plantefeltet er i eitt stykke.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

## **§6 PLANTETILFANG.**

Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav og som endar som avfall, skal så langt det let seg gjera vera komposterbart.

## **§7 STELL AV GRAV.**

Festar av grav eller den som er ansvarleg for grav, har rett og plikt til å stelle grava. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, skal tilsåast av kyrkjegardsarbeidaren.

Det er inga ordning med gravlegat i Leikanger.

## **§8 BÅREROM.**

Kyrkjeleg fellesråd disponerar bårerom. Rommet skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen andre enn tilsette har tilgjenge utan etter løyve. Framsyning av den døde kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda.

## **§9 NÆRINGSVERKSEMD.**

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på kyrkjegarden skal ha løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver. Løyve kan bli kalla tilbake dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglar som gjeld.

Kyrkjegardspersonale kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med kyrkjegarden å gjere.